



[Det er klart for ny Bøkkerveld laurdag 24. juni, den 20. i rekkja.](#)

Den årlege bøkkervelden på Rød vert skipa til laurdag 24. juni. Dette er den 20. jazz- og kulturkvelden i Bøkkerverkstaden. Programmet er klart. Det vert mellom anna kåseri ved Elin Legland frå nabogarden Ljosnes. Tittelen er: Med Besto på kakebaking og Besten på sykkelstur. Ei forteljing frå Ljosnes og Rød.

Olaf Agnar Gausvik har skriva teksten JENS BØKKAR til tonen Waltzing Mathilda. Det vert ei urframføring av teksten med gruppa Familien Håkon Røstbø. Skildringa handlar om Jens Rød som var fiskar, bonde og bøkker på Rød.



[Velkomne til Bøkkervelden 2017,- ein midtsommarsfest laurdag 24. juni.](#)

Kjell Borge Olsen er ein trufast ven av Bøkkerverkstaden. Han er på plass med gruppa si Borge Olsen Kvintett, ei fem manns gruppe med dyktige musikarar. Her finn vi Leif Borge Olsen (gitar), Bjarne Øymyr (tangent), Alex Grieg (bass), Thomas Nøkling (tenorsax) og Kjell Borge Olsen (trommer).

Det vert som vanleg farty til kai. Menyen må sjølvsagt vera lubbesild, poteta og flatbrød. Det vert ein liten auke i billettprisen til kr. 300,-

Det er påmelding til kristian.bringedal@gmail.com eller mobil: 915 31 487

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal